



KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2016-2028

PLANOMTALE

Framlegg til offentlig ettersyn



(Foto: Håvar Fagerli)

Innholdsfortegnelse

| | | |
|------|---|----|
| 1 | Bakgrunn..... | 3 |
| 1.1 | Innleiing..... | 3 |
| 1.2 | Planperiode..... | 3 |
| 1.3 | Planomtalen | 3 |
| 1.4 | Plankartet..... | 3 |
| 1.5 | Føresegner og retningslinjer..... | 3 |
| 1.6 | Samfunnsdelen og målsetting..... | 4 |
| 2 | Prosess | 5 |
| 2.1 | Planprosess | 5 |
| 2.2 | Organisering | 5 |
| 2.3 | Medverknad | 5 |
| 2.4 | Handsaming av innspel og merknader..... | 6 |
| 2.5 | Gjeldane arealdel og kystsoneplan..... | 6 |
| 2.6 | Forholdet til gjeldande reguleringsplanar og planer som blir endra..... | 6 |
| 3 | Lovgrunnlaget, statlege-, regionale- og kommunale føringar..... | 6 |
| 3.1 | Nasjonale føringar | 6 |
| 3.2 | Regionale føringar | 7 |
| 3.3 | Kommunale føringar..... | 7 |
| 4 | Planforslag - Arealformål..... | 7 |
| 4.1 | Fokusområde i planarbeidet | 7 |
| 5 | Omsyn..... | 9 |
| 5.1 | ROS (risiko og sårbarheitsanalyse)..... | 9 |
| 5.2 | Kommunal beredskap..... | 9 |
| 5.3 | Verksemdrisiko | 10 |
| 5.4 | Trafikkfare og ulykkespunkt..... | 11 |
| 5.5 | Uluke på sjø..... | 11 |
| 5.6 | Skipsfart..... | 11 |
| 5.7 | Infrastruktur..... | 11 |
| 5.8 | Naturrisiko..... | 12 |
| 5.9 | Naturmangfald..... | 13 |
| 5.10 | Kulturminner..... | 13 |

1 Bakgrunn

1.1 Innleiing

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna planen for arealdisponering i Selje kommune. Arealdelen er tett knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som legg føringar for framtidig samfunnsutvikling i Selje kommune.

Gjennom arealdelen legg Selje kommune føringar for kva tiltak den enkelte kan gjere innanfor ulike område i kommunen, med klare klare rammer for arealbruk på land og strand- sjøområde i Selje kommune. Dette inneber eit langsiktig perspektiv, der det vert sett av nok arealreservar til å sikre den ynskte samfunnsutviklinga samtidig som det gir private aktørar høve til å planlegge på lang sikt.

Kommuneplanen sin arealdel er bygd opp av planomtale, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner.

1.2 Planperiode

Planperioden er 12 år med vedtaksåret som første år, dvs. 2016-2028.

1.3 Planomtalen

Planomtalen skal skildre planen sitt formål, hovudinnhald og verknader. Planomtalen skal sikre fornuftige og gode planvedtak for arealdisponering, der det vert teke omsyn til alle interesser når avgjerda skal takast.

Planomtalen gjev ei innføring i kva som ligg til grunn for det som står i plankartet, føresegnene og retningslinjene.

Regelen set eit særskilt krav om at planomtalen må vise planen sitt forhold til andre planar som gjeld for området. Det er særleg viktig at det går tydeleg fram om planen er i samsvar med gjeldande overordna planar, eller om den fører til endringar.

1.4 Plankartet

Plankartet er juridisk bindande og legg dermed føringar for korleis ulike område i kommunen kan nyttast. Plankartet syner inndelinga av område og hovudformål for desse. I tillegg kjem det fram om det er eksisterande eller framtidig arealbruk som gjeld i dei ulike områda.

Omsynssoner er tatt inn i plankartet for å ivareta viktige omsyn ved endra arealbruk.

1.5 Føresegner og retningslinjer

Føresegnene er juridisk bindande og utfyller arealbruken som er fastlagt for ulike område i plankartet. Innhaldet i føresegnene og retningslinjene vert lagt til grunn for framtidig behandling av reguleringsplanar, frådelingssaker og byggesaker.

1.6 Samfunnsdelen og målsetting

Samfunnsdelen sin overordna strategi for arealbruk skal styre arbeidet med arealplanen.

- Fokus på **bustadtilbodet** i kommunen. Kommunen sin strategi for bustadbygging skal vere todelt; regulerte bustadfelt/tettare utbygging og opning for spreidd busetnad elles i kommunen.
- Fokus på **næringslivet** sitt behov for areal til ulike føremål.
- **Stad skipstunnel** – arealbehov og masseplassering for framtidretta utvikling.
- Fokus på **sentrumsutvikling**, som ei drivkraft for handel, næring og kultur. Sentrumsnære leilegheiter og nye næringsareal som kan skape aktivitet og verke vitaliserande på sentrumsområda.
- Arealforvaltning av **strandsona** bør ha fokus på tilrettelegging for turistnæring, fritids-eigedommar og sjøtilknytt næringsverksemd, samstundes som miljøkvalitetar og tilgang for ålmenta blir teke i vare.
- **Oppdrettsnæringa** er ei viktig næring i Selje kommune. Framtidig bruk av sjøareal bør ha fokus på berekraftig utvikling.
- Det er strenge nasjonale føringar når det gjeld bygging og frådelling av tomter i **100m-beltet langs sjøen**. Samstundes ligg store delar av dei områda i kommunen som i det heile *kan* byggast ut i 100m-beltet. Dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona gir noko opning for bygging i strandsona, men føreset mellom anna at alternative lokaliseringar er vurdert. Det vil difor vere viktig å fastsette kva delar av strandlina ein ønskjer å byggje ut, og kva for delar ein skal halde frie.
- Arealdelen må sikre **grønstruktur, trivsel og fysisk aktivitet** gjennom å legge til rette for nye, lett tilgjengeleg og tilrettelagde møteplassar og uterom, stiar, gang- og sykkelveggar og andre grønne strukturar som gir moglegheit for leik, rekreasjon, mosjon, friluftsliv, opplevingar og sosialt samvær.
- I arealdelen må det takast omsyn til **naturressursar, kulturminne og særpreg** i naturen.
- Framtidig arealplanlegging skal ha fokus på **samfunnstryggleik og klimaendringar**, og ta høgde for faktorar som havnivåstigning, auka flaum- og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og anna infrastruktur.
- **Fritidsbusetnad** er ei viktig tilleggsnæring, samt viktig for å oppretthalde busetnad i bygdene og for å styrke kommunen sin posisjon som ein attraktiv kommune å besøke.

Selje kommune ynskjer å styre utbygginga av hytter/rorbuer ved å setje av areal til føremålet. Dette gjeld og areal til båthamner. Planarbeidet må avklare kva for område som bør prioriterast til heilårsbusetnad og næringsliv, og kor det er greitt med bruksendring til fritidsbruk.

- **Landbruk** er viktig for busetjing, verdiskaping og kulturlandskap. I arealforvaltning skal det leggjast stor vekt på kommande generasjonar sine behov for å produsere eigen mat, og at miljøverdiane i kulturlandskapet vert tekne vare på.
- For å styrke Selje kommune sin posisjon i eit større bustad- og pendlingsområde, samt legge til rette for turisme og anna næringsliv, må ein arbeide for å heve standar på **fylkesvegnettet** i kommunen.

2 Prosess

2.1 Planprosess

Samfunnsdelen vart vedteken 15.04.2015 i K-sak 23/15.

Planprogrammet for arealdelen vart vedteke 15.04.2015 i K-sak 22/15.

Planprogrammet og samfunnsdelen er rettleiande dokument for arealdelen som no ligg klar til høyring.

2.2 Organisering

| | |
|--------------------|---|
| Styringsgruppe: | Planutvalet |
| Prosjektansvarleg: | Rådmannen |
| Prosjektleiar: | Rådgjevar Reidar Sandviknes |
| Prosjektgruppe: | Plan og utvikling har vore prosjektgruppe: Kristian Nave, Gry Otneim Leikanger , Anja Midtun. Svein Barmen har hatt ein del oppdrag. |
| Arbeidsgrupper: | Politiske arbeidsgrupper i arbeidsmøter. |
| Ekstern hjelp: | Nordplan har vore engasjert i arbeidet med konsekvens-utgreiing, ROSanalyse , plankart og føresegner. Heidi Hansen har vore prosjektleiar i Nordplan. |

2.3 Medverknad

Varsel om oppstart av planarbeid og høyringsforslag vart kunngjort i lokalavisa Fjordenes Tidende og på kommunen si nettside.

I samband med samfunnsdelen vart det gjennomført folkemøter på fylgjande plassar: Flatraket, Barmen, Moldestad, Selje, Årsheim, Leikanger, Hoddevik og Ervik. På desse møta var det opna for innspel også på kommande arealdel. Etter vedtak om planprogram våren 2015, vart det arrangert nye folkemøter på Flatraket, Selje,

Leikanger og i Ervik. I tillegg har kommunen motteke innspel på epost, post og ved direkte fram møte .

2.4 Handsaming av innspel og merknader

Til saman har kommunen fått inn 339 innspel/arealforslag. Kommunen gjennomførte først ein grovsiling, der ein la vekt på at innspelet må vere konkret knytta til arealbehov. 274 innspel gjekk vidare konsekvensutgreining.

2.5 Gjeldane arealdel og kystsoneplan

Gjeldande arealdel er ein lite detaljert plan. I hovudsak er heile kommunen unnateke tettstadene avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). I tettstadene er det ganske detaljerte kommunedelplanar. Sjøområda er òg ganske detaljert avklart gjennom *Kystsoneplanen* som er ein kommunedelplan for sjøområda. Sidan meste parten av kommunen er LNF-område, må fleirtalet av byggje- og delingssøknader handsamast som dispensasjon frå plan. Det er snakk om eit høgt tal dispensasjonsaker som både bind mykje arbeidskapasitet i administrasjonen og gjer søknadsprosessen langvarig og "vanskeleg" for utbyggjarane.

2.6 Forholdet til gjeldande reguleringsplanar og planer som blir endra

I samband med planarbeidet, har ein gått gjennom alle reguleringsplanane i Selje kommune. I kap. 1.2 .1 i føresegnene er det lista opp alle reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Desse reguleringsplanane gjeld framfor arealformålet i kommuneplanen dersom motstrid.

I kap.1.2.2 er det lista opp alle planar som skal opphevast eller endrast.

3 Lovgrunnlaget, statlege-, regionale- og kommunale føringar.

3.1 Nasjonale føringar

Dei viktigaste nasjonale føringane er:

- Plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter
- Rikspolitiske retningsliner for å styrkje barn- og unges interesser i planlegginga.
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming.
- Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging.
- Retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegginga.
- Naturmangfaldslova.
- Samfunnstryggleik
- Klima- og energiomsyn.

3.2 Regionale føringar

- Planstrategien FoU-strategi for næringsutvikling i Sogn og Fjordane 2010–2020
- Reiselivsplan for Sogn og Fjordane
- Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Kulturstrategi 2008–2011. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011–2014
- Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse
- «Den kulturelle skulesekken – strategiplan 2010–2014»
- Plan for bevaring av utvalde arkeologiske kulturminne (BARK)
- Regional plan for vindkraft
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Regional skulebruksplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune - 2013
- Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 2023
- Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014–2017
- Regional plan for verdiskaping
- Regional plan for folkehelse.
- Vassområdedirektivet

3.3 Kommunale føringar

- Kommuneplanens samfunnsdel (2015– 2027)
- Kommuneplanens arealdel 1995
- Kommunedelplan for kystsona
- Energi- og klimaplan
- Beredskapsplan 2012
- Strategisk næringsplan
- Ruspolitisk handlingsplan
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kommunedelplan for Helse og omsorg
- Kommunedelplan for Selje, Leikanger og Flatraket
- Interkommunal ROS analyse (Selje, Eid og Vågsøy)

4 Planforslag - Arealformål

4.1 Fokusområde i planarbeidet

I vedtekte planprogram er det sett opp i liste (fokusområder) på kva kommunen ynskjer å prioritere i ny arealdel. Prioriteringane er basert på føringar i samfunnsdelen og innkomne innspel i samband med dei sju krinsmøta som vart avvikla i tidsrommet 28.10-07.11.2013.

Prioriteringane er nytta som bakgrunn for vurdering av arealinnspele og som argumentasjon for endringar i plankartet frå 1995.

Innspela er delt inn i tema frå samfunnsplanen:

Leve og bu:

- Legge til rette for sentrumsnære bustadar, gjennomgangsbustadar og bustadtomter.
- Legge til rette for utbygging i utvalde område i 100-meters beltet til naustrekker, rorbuer, fritidsbustadar og småbåtanlegg.
- Sikre allemannsretten til strender.
- Setje av areal til utviding av kyrkjegardane.

Helse og omsorg:

- **Sosialt bustadbehov.** Det må sikrast areal til framtidig utbygging og leggest til rette for personar med særlege behov. Jfr. Delplan helse og sosial.

Oppvekst:

- Ta i bruk uteområda
- Legge til rette for badeliv, sjøsport/ friluftsliv

Næring og kultur:

- Framtidig areal til masseuttak.
- Areal til massedeponi må sikrast.
- Legge til rette for næringsutvikling
- Legge til rette for industriareal - bort frå sentrum.
- Legge til rette for fornybar energi – bølge og vind.
- Legge til rette for område for fritidsbustadar i fjellet.
- Velje ut og registrere dei viktige kjerneområde for landbruk, Legg til rette for nydyrking.
- Regulere område til hamn / cruisehamn.
- Verne området ved Dragseidet for utbygging.
- Utvalde kulturlandskap vert lagde inn som omsynssoner i kommuneplankartet.
- Legge til rette for turisme – camping med tilhøyrande serviceanlegg.
- Legg til rette for fiske, og turisme knytt til fiske.
- Legge til rette for aktivitetar som klatring / «Via Ferrata»-løype i utvalde fjellområde/«Paint – ball», downhill sykkelløype, motorcross, turstiar, surfing.
- Legge til rette for maritim næring og havbruk, syte for tilstrekkelege areal som sikrar vidare drift ved akvakulturanlegg som er etablert i sjøområda og tek høgde for nye etableringar.
- Kartlegging og sikring av fiske-, kaste-og låssettingsplassar, eksisterande akvakulturanlegg og farleier.

Samferdsel og kommunikasjon:

- Reguleringsplan for Stad skipstunnel=> Kystverket sitt ansvar
- Legge til rette for infrastruktur i samband med Stad Skipstunnel.
- Arealbehov knytt til deponier både i sjø og på land, slik at ein kan sikre gode samfunnsøkonomiske løysingar for bruk av massar frå tunneldrift. Dette gjeld og areal til sjølve tunnelen.

- Legge til rette for nødvendig oppgradering av fylkesvegar /gang/sykkelvegar. Utføre nødvendig planarbeid.
- Det må sikrast tilstrekkeleg areal til eventuelle nye og framtidige vegløyningar
- Det må leggjast til rette for utviding av gang- og sykkelvegnettet, med prioritet trygg skuleveg
- Sikre tilstrekkeleg areal for framtidig utviding/etablering av teknisk infrastruktur.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband med nok kapasitet.

5 Omsyn

5.1 ROS (risiko og sårbarheitsanalyse)

I arealplanlegginga er det viktig å nytte kjent kunnskap om ulike forhold for å unngå å skape ny eller auke risiko og sårbarheit i samfunnet. Systematisk arbeid for å fremme samfunnstryggleik er viktig for å unngå tap av liv, helse, viktig infrastruktur, samfunns-viktige funksjonar og større materielle verdiar.

Risiko- og sårbarheitsanalysen er eit verktøy for å kartlegge risiko og sårbarheit, både frå naturen og menneskeskapt, slik at ein kan ta omsyn til dette i vidare planlegging. I arealdelen vert det stilt krav til nærare kartleggingar eller vurderingar i framtidig reguleringsplanarbeid, frådelingssak eller byggesak.

I arealdelen er det potensiell risiko og sårbarheit som er tema. Dette vert så følgt opp i reguleringsplanarbeid, frådelingssak, eller byggesak for å klargjere reell risiko og sårbarheit. I § 28-1 er det krav om sikker byggegrunn. Jfr. også TEK 10 der det er tryggleikskrav til skred, flaum, stormflo, radon, dimensjoneringskrav til bygg i forhold til vind, snø og brann inkl. storulykkeforskrifta.

Overordna ROS analyse for Selje, Eid og Vågsøy er lagt til grunn i arealdelen. I konsevensutgreiinga er det gjort greie for metode ein har nytta og kvart enkelt tiltak er vurdert i ROS analyse. I dette kapitlet ser vi på andre lokale omsyn I tillegg til generell ROS analyse.

5.2 Kommunal beredskap

Selje høyrer til beredskapsregion 18 IUA (Interkommunalt Utval mot Akutt forurensing) Nordfjord som har aksjonssentral i Måløy og tek seg av akutt forureining i sjø saman med Kystverket.

SAR (Search and rescue), redningsinnsats til sjøs skal ivareta beredskap for menneske i nød på havet. Beredskapen er knytt til Ålesund brannvesen som m.a. har spesialkompetanse på handtering av skipsbrannar.

Brann

Kommunen har brannstasjon i Selje med ein redningsbil, og ein tankbil plassert på Stadlandet. Styrken er på 18 menneskap. Kommunen har bistandsavtale om menneskap med dei andre kommunane i Nordfjord.

Legevakt og ambulanse

Selje har legevakt i kontortid, og natt og helgevakt knytt til legevaktsentralen på Nordfjord sjukehus.

Politi

Lensmannskontoret i Selje ligg under Politidistrikt Vest og er bemanna 4 dagar i veka

Sårbare objekt

Kommunen har ingen komplett liste over objekt knytt til grad av sårbarheit. Av objekt ein kjenner til kan nemnast: Verradar på Stadlandet, basestasjonar for ulike typar kommunikasjon og tilførselslinjer for elektrisk kraft.

5.3 Verksemdrisiko

Brann og eksplosjon

Selje kommune har eigen kommunal brann- og redningsberedskapsordning, Selje brann og redning. Ingen bedrifter i Selje kommune har eige industri-/ brannvern

På ein del av bedriftene blir det oppbevart og nytta ulike typar gassar. Dette blir oppbevart på forskiftsmessig måte. Dette gjeld m.a. ved Stave, Pelagia, Stadpipe, Westmek, Selje Auto,

Kjemikalieutslepp

Det er få bedrifter som nyttar kjemikalier i produksjonen

Transport av farleg gods

Risiko og konsekvens ved uhell er størst med:

1. Biltrafikk langs Djupedalsvatnet som er hovudvasskjelda til kommunen. Dette er vurdert i kommunen sin ROS analyse. Dette er vurdert som lite sannsynleg, og vil ha små til middels konsekvensar om det skjer.
2. Skipsforlis langs kysten. Dette er vurdert som lite sannsynleg, men vil ha store konsekvensar om det skjer. Det vart til dømes her i kommunen samla opp olje og oljeskadd fugl etter «Server» -forliset i Solund i 2007.

Det er ikkje registrert uhell med transport av farleg gods i kommunen. Kjelde dsb.

Forureina grunn

Sandvikeidet avfallsplass Koordinat: 311415, 6885495 (UTM sone 32 (Euref 89))

Skårbø grovavfallsplass Koordinat: 308075, 6887260 (UTM sone 32 (Euref 89))

Kjelde: <http://www.miljostatus.no/>

Dambrot

Kommunen har gjort dambrotbølgeberegning for Selje vassverk i Djupedalen 2013. Denne omfattar nedslagsfeltet Djupedalen – Hamre – Krakereid

Elektromagnetiske felt

I hovudsak ligg alle kraftleidningar med god avstand til etablert busetnad

5.4 Trafikkfare og ulykkespunkt

Det er utarbeidd egne kart over trafikkfarlege punkt og ulykkespunkt i kommunen, sjå vedlegg.

5.5 Ulukke på sjø

Bruk av sjø og vatn både til transport (lasteskip, fiskebåtar og snøggbåt) og fritidsaktivitetar (fritidsbåtar) er høg i kommunen. I tillegg er det stor trafikk rundt Stad av større passasjerskip og lasteskip.

Arealdelen legg opp til fleire areal knytt til sjø og sjøaktivitetar (fritid og næring). Auka bruk av sjøareala må forventast å gi auka risiko for ulukke.

Det vert sett krav til utarbeiding av detaljplan og ROS-analyse for alle nye småbåthamner, samt næringsområde som har sjøtilknytning.

5.6 Skipsfart

Farleier /ankringsplasser

(Borgundvåg registrert som nødhamn)



Farleier med Stad skipstunnel



5.7 Infrastruktur

Vassforsyning

Det er utarbeidd beredskapsplan for vassforsyninga, som også inkluderer ROS-analyse.

Avløpsanlegg

Det er ikkje utarbeidd beredskapsplan eller ROS-analyse for avløpssektoren.

Selje kommune har avløpsanlegg i tettstadane Flatraket, Selje og Leikanger. Avløpsnettet er ei blanding av separat- og fellessystemet. Når det gjeld avløpsnettet er det få eller ingen kjente problem vedk. kapasitet. Ved evt. kapasitetsproblem, skuldast dette som regel innblanding av store mengder overvatn;- gjerne i samband med intens nedbørsintensitet. Heller ikkje i når det gjeld overvassystem, har vi vesentlege problem. I dei tilfelle vi har slike problem, skuldast dette oftast at ein ikkje klarer å halde inntaksarrangementa fri for framandelement.

5.8 Naturrisiko

Sterk vind

Stad er eit hjørne i terrenget langs kysten vår, akkurat som Lista og Nordkapp. Alle disse områda opplever mykje vind. Vi får såkalt «hjørneeffekt» på desse stadane. Det blir ein forsterkning i vinden når den vert pressa rundt hjørnet. Vanlegvis er det vind frå sørvest som er sterkast i kommunen og store deler av kommunen ligg eksponert i høve til ekstrem vind.

ROS-analyser konkluderer med at det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida, kartlegge om areal er særskilt vindutsett og legge inn ein del krav i føresegnene til kommuneplan og arealplanar.

Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til ekstrem vind avklarast, spesielt er dette aktuelt for tiltak i eller nær sjø. Elles er teknisk forskrift styrande for dimensjoner og tåleevne.

Ekstrem nedbør

Meir enn 70 mm nedbør i løpet av eit døgn på kysten vert rekna som ekstremnedbør. Ekstrem nedbør vil generelt ikkje føre til omfattande skadar Selje. Ekstremnedbør kan vere ein medverkande årsak til ras/skred. Førebyggjande tiltak er å ta vare på område med med grønt- og skogsareal i nær tilknytning til bustadområde.

Skog og lynnbrann

Det er i hovudsak lyngklede myrområde i kommunen, utanom dyrkamarka. Organisert brenning av lyng føregår i heller stort omfang i kommunen og det er gode planar om meir av dette. Det er brannførebyggjande viss det oppstår brann i vegetasjon inntil desse områda. Attgroing og større areal med planta skog og lauvskog gjer skogbrannfaren større enn før i slike områder. I områder som ikkje kan brennast er det ofte stor, gammal lyng og oppslag av sjølvsådd sitkagran og kratt. Slike områder ligg ofte nær busetnad og kan vere ein trussel for bygningar.

Stormflo og havnivåstigning

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og Klimatilpassing Norges rapportar om Havnivåstigning gir rettleiing om handtering av havnivåstigning og stormflo.

Havnivåendringar vil skje gradvis.

| Selje/Vanylven | Global havnivå Stigning i cm | Landheving i cm | Netto stigning i cm |
|----------------|---------------------------------|--------------------|---------------------|
|----------------|---------------------------------|--------------------|---------------------|

| | | | |
|--------------------------|----|----|-------------------------|
| År 2050 relativt år 2000 | 31 | 9 | 22 Usikkerheit: 14 - 36 |
| År 2100 relativt år 2000 | 90 | 19 | 71 Usikkerheit: 51-106 |

Stormflo er påverka av vêrforholda og opptrer under spesielle vêrforhold der kombinasjonen springflo og stormflo kan gi svært høg vass-stand.

Referanspunkt NN 1954 eller Normalnull 1954, er fastsett som referansepunktet for det nasjonale høgdesystemet og tek utgangspunkt i middelvestanden gjennom 19 år. NN1954 vert og brukt som referansenivå for framtidig stormflo.

100 års stormflom: År 2050 relativt NN1954 => 211 (- 8 til + 14)
 100 års stormflom: År 2100 relativt NN1954 => 265 (- 20 til + 35)

5.9 Naturmangfald

Trua arter

Det er gjort ein del registreringar av truga artar i kommunen. Dette er i hovudsak fuglar. Men også sopp og lav, mosar, sommerfuglar, karplantar.

Det fordeler seg over heile kommunen men mest på ytre delar av Stadlandet. (www.artskart.no)

Naturtypar

Det er mange viktige naturtypar i kommunen slik som isrand-avsettingar, kystlynghei, naturbeitemark, låglandsmyr, kystmyr, strandeng- og strandsump, sand og grusstrand, tareskogförekomst.

Ålegras

Ålegras er registrert to stader kommunen, ved Hamre og ved Bortneholmen. Begge er C-områder. (frå www.kart.fiskeridir.no)

Framandskadelege artar

Svartelista artar er registret over store delar av kommunen. Mest langs vegane og i sørlege del av kommunen. Det er artar som platanlønn, sitkagran, parkslirekne, kjempespringfrø, hagelupin, kanadagås m.fl.

5.10 Kulturminner

Det er svært mange kulturminner i kommunen. I tillegg til dei automatisk freda arkeologiske kulturminna, gravrøysene, kyrkjegardane og Selje kloster, så har kommunen mange SEFRAK-registerte bygningar. Ved framtidig utbygging skal ein ta særleg omsyn til dei automatisk freda kulturminna.

Linken nedanfor gir oversikt på autmatisk freda kulturminne og andre som er under avklaring.

[http://www.kulturminnesok.no/content/search/\(offset\)/40?search=&searchtype=0&county=14&municipality=1441&culture_environment=0](http://www.kulturminnesok.no/content/search/(offset)/40?search=&searchtype=0&county=14&municipality=1441&culture_environment=0)